



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 28.05.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 18.15

I forkant av ordinært møte vil det vera kommunestyret som årsmøte for Frivilligsentralen k 14:00

Møtedeltakarar	Parti
Gaute Hauge	AP
Sven Gil Westersjø	AP
Astrid Fossaa Viga	H
Bengt Åke Hauge	H
Johannes Soppeland	H
Torunn Munthe	H
Asbjørg Kvame Hetlesæter	KrF
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Berit Søyvik Østerhus	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Frode Riskedal	SP
Tårn Sigve Schmidt	SP
Mari Madland	SP
Solveig Romsø Øye	SP
Silje Sværen	SV

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Leif Magne Kleppa	H
Ståle Halsne	KrF
Anna Lena Kleppa	SP

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Bjørg Hetlelid	H
Johannes Våge	KrF
Anne Tove G. Ingvaldstad	SP

Ugilde:	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Tårn Sigve Schmidt	030/26	Svein Hia	
Dagfinn Svadberg Hatløy	030/26	Oddvar Skiftun	

Sakliste

Saksnummer Sakstittel

023/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
024/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
025/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
026/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
027/26	Årsmelding ungdomsrådet 2025
028/26	Orienteringssak Folkehelse rapporten løpende oversikt 2026
029/26	Sluttbehandling - Detaljregulering for Viganeset nord industriområde - Fornyning - 202403
030/26	Sluttbehandling - Detaljreguleringsplan Årdal Aqua industriområde - Svadberg - planid 202402
031/26	Modernisering av eigarskapsstrukturen i Lyse AS
032/26	Vidareføring av unytta investeringsmidlar
033/26	Årsmelding og rekneskap 2025 - Uttale frå kontrollutvalet
034/26	Årsmelding og årsrekneskap 2025
035/26	Søknad om skjenkeløyve ved enkelthøve - Midtsommarfestival, Kobbasteinen Kulturgard

023/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Møtet opna med opprop og kommunestyret som årsmøte for Frivilligsentralen. Dagleg leiar presenterte årsmelding for 2025 (aktivitetar, visjon og satsingsområde).

Arthur Fjeldheim Egeland (SP) og Astrid Fossaa Viga (H) vil reise spørsmål om sin habilitet i sak 029/26 Detaljeregulering Viganeset.

Tårn Sigve Schmidt og Dagfinn Svadberg Hatløy (SP) vil reise spørsmål om sin habilitet i sak 030/26 Detaljeregulering Årdal Aqua.

Representanten Schmidt (SP) måtte forlate møtet etter sak 030/26 og Oddvar Skiftun stilte som vara i resten av møtet.

Representanten Halsne (KrF) møtte, som fast medlem i kommunestyret, til sak 030/26 og avløyste varamedlem Johannes Våge i resten av møtet.

Representanten Egeland (SP) måtte forlate møtet kl 18:00. Det var ikkje kalt inn vara.

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 023/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

024/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 024/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

025/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Ordføraren:

- Har vore på avslutningsgudsteneste for biskopen
- Møte med bygdaråda
- Venterom på Fiskepiren: Det vert jobba med å finne ei løysing i lag med andre kommunar (Strand, Suldal og Stavanger)
- Gruppeleiarane har vore på besøk på biogassanlegg i Molde 5. mai - Ordføraren deltok ikkje
- Møte med fylkeskommunen om samferdsel
- Markering av frigjeringsdagen i Sandnes
- Utvida politiråd
- Statkraftkonferansen
- Bedriftsbesøk på "pannefabrikken" i Årdal
- Har besøkt e-sportklubben i Hjelmeland
- Finale i Ryfylkequiz 2026. Hjelmeland kom på ein delt 2. plass
- Nettsida Heimtilryfylke.no (Ryfylke IKS) er no lansert
- Me skal vera med å sponse strandryddinga til Strand VGS
- Skal delta på Energistafetten på laurdag - på ordførarlaget

Hauge (AP):

- Orientererte om besøk til biogassanlegg i Molde
- Reisemål Ryfylke

Madland (SP):

- Ungdomsrådet (siste møte med sitjande råd - nye medlem skal veljast til hausten):
 - Alle ungdomsskuleelevane synes det er spanande og vil vera med vidare
 - Bademeisteren orienterte og tok i mot innspel til den nye symjehallen

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 025/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

026/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:**Kommunedirektøren:**

- Det har vore kontaktmøte med Rogaland fylkeskommunen ang. samferdsel, for Hjelmeland vart vegen Kleppakrossen-Viganeset sett særskilt fokus på. Det blir nytt møte om dette i slutten av juni
- 27. mai: Møte i Planforum, vedk. kommuneplanen sin arealdel
- Gjensidige-bygget: Me er dialog med Rogaland sparebank for å overta eigarskapet til bygget (som vedtatt) på ein god måte
- UIS: Rekordstor søkning til studiet Desentralisert sjukepleie. Diverre ikkje så mange frå Hjelmeland
- Bademeisteren har vore ute i ulike einingar og utval for å hente innspel til ønskja aktivitetsnivå for den nye symjehallen. Det vil bli lagt fram ei sak om opningstider i den nye symjehallen
- Anita Austigard (IVAR IKS) orienterte om miljøkrav og årsaker til høge renovasjonsgebyr. Presentasjonen er lagt som vedlegg til saka. Lene Beadle orienterte om at hovudplan om vatn og avlaup vert lagt fram over sommaren

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 026/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

027/26: Årsmelding ungdomsrådet 2025

Forslag til vedtak

Årsmeldinga vert teken til orientering.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:**Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 071/26 Vedtak:

Årsmeldinga vert teken til orientering.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Tilleggsforslag , foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Kommunestyret ber om at protokoller frå Ungdomsrådet, seniorrådet og råd for menneske med funksjonshindring vert lagt inn under «referat og drøftingssaker» til kommunestyret gjennom heile året.

Røysting:

Tilleggsforslag frå Egeland (SP): Samrøystes vedteke

Innstilling frå formannskapet med vedteken endring: Samrøystes vedteke

KST - 027/26 Vedtak:

Årsmeldinga vert teken til orientering.

Kommunestyret ber om at protokoller frå Ungdomsrådet, seniorrådet og råd for menneske med funksjonshindring vert lagt inn under «referat og drøftingssaker» til kommunestyret gjennom heile året.

028/26: Orienteringssak Folkehelserapporten løpende oversikt 2026

Forslag til vedtak

Folkehelserapporten vert teken til orientering.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 074/26 Vedtak:

Folkehelserapporten vert teken til orientering.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 028/26 **Vedtak:**

Folkehelse rapporten vert teken til orientering.

029/26: Sluttbehandling - Detaljregulering for Viganeset nord industriområde - Fornyng - 202403

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune godkjenner **“202403 Detaljreguleringsplan Viganeset nord industriområde”** med følgjande endringar ift høyringsutkastet:

Plankartet:

- Flytte omsynssone H_370 fare til den traseen straumledningane nå er lagt, dvs i vegkant, sjå skisse i vurderingsdel
- leggje inn vegtekniske opplysningar, jf innspel frå Fylkeskommunen

Førsegner: I tråd med endringar/tillegg vist i vedlegg: *Forslag til nye førsegner april 2026*

Planskildringa oppdaterast i tråd med endringar og supplement ift ROS-vurdering.

Denne fornya planen vil med dette erstatte reguleringsplan R142, som opphevast, og erstattar mindre del av R164 for fylkesvegen.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Endringsforslag til førsegner, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Følgjande setningar strykes frå førsegner:

Under 3.1.2 strykes:

Verksemder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller **vesentleg auka**.

trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.

Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, lukt eller anna årsak.

Under 6.2.1 strykes:

1) det føreligge ei analyse om trafikk-og transportbehov til/frå ny verksemd. Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra

Korrigert opplysning: Saka har vært på høyring i juni 2026.
(Dato i sakframlegget under Innkomne uttalar er feil).

Tilleggsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP):

Følgjande setningar strykes frå føresegner:

Under 3.1.2 strykes:

Verksemder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller **vesentleg auka** trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.
Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, lukt eller anna årsak.

Under 6.2.1 strykes:

1) det føreligge ei analyse om trafikk-og transportbehov til/frå ny verksemd. Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra

Røysting

Forslag frå kommundirektøren med endringa, føreslått av Fjeldheim Egeland, samrøystes vedteken

AFU - 025/26 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune godkjenner **“202403 Detaljreguleringsplan Viganeset nord industriområde”** med følgjande endringar ift høyringsutkastet:

Plankartet:

- Flytte omsynssone H_370 fare til den traseen straumledningane nå er lagt, dvs i vegkant, sjå skisse i vurderingsdel

leggje inn vegtekniske opplysningar, jf innspel frå Fylkeskommunen

Førsegner: I tråd med endringar/tillegg vist i vedlegg: *Forslag til nye føresegner april2026.*

Vedteken endringsforslag: *"Følgjande setningar strykes frå føresegner:*

Under 3.1.2 strykes:

*Verksemder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller **vesentleg auka** trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.*

Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, ukt eller anna årsak.

Under 6.2.1 strykes:

1) det føreligge ei analyse om trafikk-og transportbehov til/frå ny verksemd. Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra"

Planskildringa oppdaterast i tråd med endringar og supplement ift ROS-vurdering.

Denne fornya planen vil med dette erstatte reguleringsplan R142, som opphevast, og erstattar mindre del av R164 for fylkesvegen.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Tillegg til føresegner i §6.1, foreslått av Tårn Sigve Schmidt, Senterpartiet

I forlengelse av 6.1 . Matjord som blir flytta blir fortrinnsvis nytta til matproduksjon på 71/1

Sluttbehandling Viganeset Industriområde, foreslått av Astrid Fossaa Viga, Høgre

Hjelmeland kommune godkjenner ikkje detaljregulering av Viganeset nord Industriområde. Jamfør nasjonale føringslinjer for matjord.

Støy, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

3.1.1. Fellesføresegner

Støy: Retningslinje T-1442/2021 skal gjelde med 5 dB skjerping for å ivareta sumstøy/fleirkildestøy.

Stryk: «med 5 dB skjerping»

3.1.2 , foreslått av Torunn Munthe, Høgre

§ 3.1.2 Industri og lager

Følgjande tekst vert stroke:

«Verksemder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller vesentleg auka trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.

Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, lukt eller anna årsak.»

Ny tekst vert sett inn:

«Verksemder som inneber spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller vesentleg auka trafikk- og transportbehov skal vurderast særskilt.

Slike verksemder kan tillatast dersom det kan dokumenterast at tiltaket ikkje medfører uakseptabel risiko for liv, helse, miljø eller omgjevnader, og at omsyn til trafikktryggleik, miljø og kapasitet i infrastrukturen er tilstrekkeleg ivaretekne.

Kommunen kan stille nødvendige vilkår for å avbøta ulemper knytt til støy, støv, lukt eller andre miljøforhold.»

6.2.1 , foreslått av Torunn Munthe, Høgre

§ 6.2.1 Før igangsetjingsløyve – punkt 1

Følgjande tekst vert stroke:

«Det føreligge ei analyse om trafikk- og transportbehov til/frå ny verksemd.

Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra.»

Ny tekst vert sett inn:

«Før etablering av tiltak som kan medføre vesentleg auka trafikk- og transportbehov skal det føreligge ei vurdering av trafikk- og transportforhold.

Tiltak kan berre godkjennast dersom det er dokumentert at vegsystemet har tilstrekkeleg kapasitet og trafikktryggleik, eller at nødvendige avbøtande tiltak vert gjennomført.»

Arthur Fjeldheim Egeland (SP) og Johannes Soppeland og Astrid Fossaa Viga (H) reiste spørsmål om sin habilitet.

Røysting:

Alle tre vart røysta gilde (samrøystes) og fekk delta i behandlinga av saka.

Røysting:

Endringsforslag frå Viga (H): Falt mot 16 stemmer (Madland (SP), Hetlesæter (KrF), Viga (H) stemte for)

Endringsforslag frå Schmidt (SP) - Matjord: **Samrøystes vedteke**

Endringsforslag frå Munthe (H) til innstilling frå AFU - Støy: **Vedtatt** mot 5 stemmer (Hetlesæter (KrF), Viga (H), Madland, Hatløy og Øye (SP))

Endringsforslag frå Munthe (H) til innstilling frå AFU - pkt 3.1.2: Falt mot 4 stemmer (Viga og Hetlelid, Munthe (H) og Hetlesæter (KrF))

Endringsforslag frå Munthe (H) til innstilling frå AFU - pkt 6.2.1: Falt mot 4 stemmer (Viga og Hetlelid, Munthe (H) og Hetlesæter (KrF))

Innstilling frå AFU med vedtekne endringar: **Vedtatt** mot 3 stemmer (Viga (H), Hetlesæter (KrF) og Ingvaldstad (SP))

KST - 029/26 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune godkjenner **“202403 Detaljreguleringsplan Viganeset nord industriområde”** med følgjande endringar ift høyringsutkastet:

Plankartet:

- Flytte omsynssone H_370 fare til den traseen straumledningane nå er lagt, dvs i vegkant, sjå skisse i vurderingsdel

leggje inn vegtekniske opplysningar, jf innspel frå Fylkeskommunen

Førsegner: I tråd med endringar/tillegg vist i vedlegg: *Forslag til nye føresegner april2026.*

Vedteken endringsforslag: *"Følgjande setningar strykes frå føresegner:*

Under 3.1.2 strykes:

*Verksemder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller **vesentleg auka** trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.*

Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, ukt eller anna årsak.

Under 6.2.1 strykes:

1) det føreligge ei analyse om trafikk-og transportbehov til/frå ny verksemd. Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra"

Planskildringa oppdaterast i tråd med endringar og supplement ift ROS-vurdering.

Denne fornya planen vil med dette erstatte reguleringsplan R142, som opphevast, og erstattar mindre del av R164 for fylkesvegen.

Vedtekne endringar frå kommunestyret:

Tillegg til føresegnene 6.1 . Matjord som blir flytta blir fortrinnsvis nytta til matproduksjon på 71/1

Endring i pkt 3.1.1. Fellesføresegner

Støy: Retningslinje T-1442/2021 skal gjelde med 5 dB skjerping for å ivareta sumstøy/fleirkildestøy.

Stryk: «med 5 dB skjerping»

030/26: Sluttbehandling - Detaljreguleringsplan Årdal Aqua industriområde - Svadberg - planid 202402

Forslag til vedtak

Reguleringsplan **Utviding av Årdal Aqua, planid 2022402** blir godkjent slik framgår av saksframlegg og nye reviderte plandokument levert frå Prosjektil AS , datert 12.05.2026.

Den del av planområdet som er omfatta av "gamle" reguleringsplan **R186 Svadberg industriområde/Årdal Aqua** blir med dette oppheva og erstatta med dette nye planforslaget.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Inhabil	Varamedlem	Merknad
Tårn Sigve Schmidt	Arthur Fjeldheim Egeland	Kjem ca kl. 14.00

Behandling:

Tårn Sigve Schmidt (SP) er inhabil i saka, vara Arthur Fjeldheim Egeland (SP).

Røysting

Forslag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 037/26 Vedtak:

Reguleringsplan **Utviding av Årdal Aqua, planid 2022402** blir godkjent slik framgår av saksframlegg og nye reviderte plandokument levert frå Prosjektil AS , datert 12.05.2026.

Den del av planområdet som er omfatta av "gamle" reguleringsplan **R186 Svadberg industriområde/Årdal Aqua** blir med dette oppheva og erstatta med dette nye planforslaget.

28.05.2026 Kommunestyret

Inhabil	Varamedlem	Merknad
Tårn Sigve Schmidt	Svein Hia	
Dagfinn Svadberg Hatløy	Oddvar Skiftun	

Behandling:

Tårn Sigve Schmidt (SP) reiste spørsmål om sin habilitet. Han vart røysta ugild (samrøystes) og Svein Hia møtte som vara.

Dagfinn Svadberg Hatløy (SP) reiste spørsmål om sin habilitet. Han vart røysta ugild (samrøystes) og Oddvar Skiftun møtte som vara.

Representanten Schmidt (SP) måtte forlate møtet pga andre oppgåver etter sak 030/26 og Oddvar Skiftun stilte som vara i resten av møtet.

Representanten Halsne (KrF) møtte som fast medlem til sak 030/26 og avløyste varamedlem Johannes Våge i resten av møtet.

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 030/26 Vedtak:

Reguleringsplan **Utviding av Årdal Aqua, planid 2022402** blir godkjent slik framgår av saksframlegg og nye reviderte plandokument levert frå Prosjektil AS , datert 12.05.2026.

Den del av planområdet som er omfatta av "gamle" reguleringsplan **R186 Svadberg industriområde/Årdal Aqua** blir med dette oppheva og erstatta med dette nye planforslaget.

031/26: Modernisering av eigarskapsstrukturen i Lyse AS

Forslag til vedtak

1. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik dei ligg føre av sakens vedlegg 3.
2. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til at eirgakontakten moderniserast med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvida eigarmøte

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 067/26 Vedtak:

1. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik dei ligg føre av sakens vedlegg 3.
2. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til at eirgakontakten moderniserast med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvida eigarmøte.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 031/26 Vedtak:

1. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik dei ligg føre av sakens vedlegg 3.
2. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til at eigarkontakten moderniserast med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvida eigarmøte.

032/26: Vidareføring av unytta investeringsmidlar

Forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner vidareføring av investeringar i prosjekt frå 2025 til 2026 slik dei er lista opp i vedlegg til saka. Ubrukte lånemiddel på 38 409 044 kroner blir disponerte til dette.

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra nødvendige budsjettjusteringar i samsvar med vedtak.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 068/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidareføring av investeringar i prosjekt frå 2025 til 2026 slik dei er lista opp i vedlegg til saka. Ubrukte lånemiddel på 38 409 044 kroner blir disponerte til dette.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra nødvendige budsjettjusteringar i samsvar med vedtak.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 032/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidareføring av investeringar i prosjekt frå 2025 til 2026 slik dei er lista opp i vedlegg til saka. Ubrukte lånemiddel på 38 409 044 kroner blir disponerte til dette.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra nødvendige budsjettjusteringar i samsvar med vedtak.

033/26: Årsmelding og rekneskap 2025 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tilrår at Hjelmeland kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2025 blir godkjend.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 072/26 Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at Hjelmeland kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2025 blir godkjend.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KST - 033/26 Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at Hjelmeland kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2025 blir godkjend.

034/26: Årsmelding og årsrekneskap 2025

Forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner den framlagde årsmeldinga og årsrekneskapet 2025 for Hjelmeland kommune.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 073/26 Vedtak:

Årsmelding og rekneskap for Hjelmeland kommune 2025 vert godkjent.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 034/26 **Vedtak:**

Årsmelding og rekneskap for Hjelmeland kommune 2025 vert godkjent.

035/26: Søknad om skjenkeløyve ved enkelthøve - Midtsommarfestival, Kobbasteinen Kulturgard

Forslag til vedtak

Kobbasteinen kulturgard får skjenkeløyve ved enkelthøve 20.6.26, kl. 17.00-22.00, jf. § 1-6 og § 4-2 i alkohollova.

Løyvet gjeld alkohol gruppe 1 og 2. Skjenkearealet skal vera inngjerda.

Petter Gilsvik vert godkjent som styrar med Birgitte Gilsvik som reservestyrar.

Det blir sett følgjande vilkår for løyvet, jf. alkohollova § 4-3:

Arrangøren må syte for:

- Tydeleg organisering av skjenkeområde og god kontroll med skjenking
- Særleg merksemd på å skjerme barn og unge frå uheldig eksponering for alkohol
- Tilgang til gratis drikkevann
- Tilstrekkeleg vakthald gjennom heile arrangementet
- Rutinar for å handtere overstadig rusa personar
- Sikring av forsvarleg beredskap ved behov for helsehjelp

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling:

Alternativt forslag, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Kobbasteinen kulturgard får ikkje skjenkeløyve ved enkelthøve 20.6.26.

- Hjelmeland kommune er ein «Av og Til» kommune. Det betyr at kommunen aktivt skal arbeide for redusert alkoholforbruk i kommunen og bidra til at færre blir avhengige av alkohol. For å få til det må antalet skjenkeløyve og skjenkestadar ikkje aukast.
- Nasjonal strategi for alkoholkonsum har som mål å redusera skadeleg bruk av alkohol med 20 % innan 2030, i tråd med målsettinga til WHO. Hjelmeland Kommune må ta ansvar for denne målsettinga og leggja til rette for redusert alkoholforbruk også i vår kommune. Fleire skjenkeløyve ved enkelthøve vil ikkje bidra til å nå denne målsettinga.
- Arrangementet er ope for alle aldrar.
- Det har lenge vore ein trend blant unge å velja alkoholfrie alternativ. Salet av alkoholfrie alternativ har auka markant dei siste åra. Dette tilseier at det altså er mogleg å nyte ein sommarkveld, utan å nyte, og vera påverka av alkohol.

Til saman er det fleire grunnar for å avslå skjenkeløyve ved enkelthøve ved Kobbasteinen kulturgard sitt arrangement, enn det er grunnar for å innvilge løyvet. Søknaden vert derfor avslått.

Røysting:

Innstilling frå kommunedirektøren: Vedtatt mot 2 stemmer (KrF)

Alternativt forslag frå Halsne (KrF): Falt

KST - 035/26 **Vedtak:**

Kobbasteinen kulturgard får skjenkeløyve ved enkelthøve 20.6.26, kl. 17.00-22.00, jf. § 1-6 og § 4-2 i alkohollova.

Løyvet gjeld alkohol gruppe 1 og 2. Skjenkearealet skal vera inngjerda.

Petter Gilsvik vert godkjent som styrar med Birgitte Gilsvik som reservestyrar.

Det blir sett følgjande vilkår for løyvet, jf. alkohollova § 4-3:

Arrangøren må syte for:

- Tydeleg organisering av skjenkeområde og god kontroll med skjenking
- Særleg merksemd på å skjerme barn og unge frå uheldig eksponering for alkohol
- Tilgang til gratis drikkevann
- Tilstrekkeleg vakthald gjennom heile arrangementet
- Rutinar for å handtere overstadig rusa personar
- Sikring av forsvarleg beredskap ved behov for helsehjelp